



Haugland skulemuseum er eit eit turmål for Løfallstrand Bygdalag på søndag.

**Løfallstrand Bygdalag legg turen til Uskedalen på søndag. Frammøte er på Haugland skulemuseum kl. 12. Seinare vil dei gjera seg kjende med Uskedalen og det er lagt inn stopp på Friheim, Fjellandsbø og på Bygdetunet Rød.**

Løfallstrand har eit aktivt bygdalag. Målet er bygdeutvikling og tiltak som fremjar trivsel og samkjensle i bygda. Bygdalaget eig og driv den nedlagde skulen i bygda. Turen til Uskedalen er ein av fleire turar Bygdalaget skipar til.

Etter turen oppe i Uskedalen kan dei, som ynskjer det, vera med på Bygdetunet Rød sin museumsdag, med oppstart kl. 14. Utstillaren, Elin Flindt, eig husmannsplassen Bakken under Vevik på Løfallstrand. Ho stiller ut 18 innramma bilete og mange uinnramma motiv som ligg i mapper. Det er høve til å kjøpa eller tinga bilete.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal